

TORE NESSET

Når akademikarar nyttar ordet komplekst, lyt ein vere på vakt. Dette er eit moteord som i mange tilfelle tåkelegg meir enn det klargjer. Det gjeld også i ordsiftet om krigen i Ukraina.

Komplekst tyder «samansett». Ordet høver derfor om innfløkte spørsmål der mange faktorar spelar inn og gjerne peikar i ulike retningar. I ein kronikk om krigen i Ukraina skreiv Julie Wilhelmsen at «verden er mer kompleks enn vi ønsker å fremstille den som» (Aftenposten 12. august). Det er sjølv sagt rett at verda er kompleks, for til sjuande og sist heng alt saman med alt. Men særskilt informativ eller klargjerande er ikkje utsegna, all den stund det er uråd å vere usamd.

Medan mykje er samansett og innfløkt, er det viktig å halde fast ved at dei grunnleggjande spørsmåla rundt krigen i Ukraina ikkje er komplekse. Det er klart kven som starta krigen (Russland), og det er klart at dette er ein uprovosert åtakskrig som er i strid med folkeretten. Ein autoritær leiar er gått til åtak på eit fredeleg granneland for å utvide imperiet sitt. Dette er ikkje komplekst. Det er enkelt.

Eit vanskelegare spørsmål er om Ukraina skulle få klasevåpen frå vesten. På den eine sida står Ukraina midt i ein legitim forsvarskrig der dei treng alle våpen dei kan få. På den andre sida er dette fælslege våpen som Noreg og mange andre land ønskjer å forby (sjølv om nyare klasevåpen er «reinare» enn klasevåpen av eldre årgang). Dette er eit klassisk dilemma. Det er rimeleg at ulike ekspertar og kommentatorar kom til ulike konklusjonar, fordi det er vanskeleg å seie sikkert kva alternativ som vil medføre mest liding i krigen på lang sikt. Men komplekst er spørsmålet strengt tatt ikkje, for det er ikkje tale om eit komplisert samspel av mange faktorar. I staden koker spørsmålet om klasevåpen ned til å vurdere to omsyn mot kvarandre. Vanskeleg, men ikkje komplekst.

Vi treng eit nyansert ordsifte om krigen i Ukraina, men lat oss pensjonere moteord som tåkelegg meir enn dei klargjer. Klare tankar krev klart språk.

Tore Nasset er professor i russisk språkvitskap ved UiT Noregs Arktiske Universitet.